

## **Referat frå møte i samarbeidsutvalet i Heddeli barnehage 28.11.2018**

### **Tilstades:**

Kristine Heimdal Kleiv - foreldre representant

Siv Omtveit Aasan – foreldre representant

Cecilie Sollid Tveit – tilsett representant

Grete Natten – tilsett representant

### **Forfall:**

Arild Johansen – eigarrepresentant

### **Saker:**

#### **1. Formannskapets forslag til budsjett 2019 og økonomiplan for 2019-2022.**

Formannskapet legg rådmannen sitt budsjett til grunn og vil koma tilbake til konkrete endringsframlegg til kommunestyret 13.12.

Enn så lenge ynskjer ikkje SU å uttale seg i saka. SU avventar til etter KFU møtet som skal vere 4.12. Eventuelt lage ei felles uttale frå alle barnehagane.

#### **2. Omstillingsprosessen i kommunen**

Programområde 2 (barnehage, skule, kulturskule og vaksenopplæring) er fortsatt i ein prosess for å rigge seg klare til effektuering august 2019. Denne hausten har det skjedd lite i dette arbeidet. Vi har hatt skifte av kommunalsjef og det er han som skal drive arbeidet framover. Den vidare prosessen skal i gang etter alt arbeidet med budsjett.

#### **3. Inkluderande barnehage- og skolemiljø.**

Arbeidsgruppa i kommunen og dei ulike avdelingane jobbar nå med å utarbeide ein lokal plan for Seljord, den skal vere ferdig i januar -19.

Personalet jobbar med temaet på personalmøta gjennom auka kunnskap, vegleiing og refleksjon:

- Relasjonskompetanse
- Inkludering
- Mobbe- og krenkebegrepet

I samband med planen er personalet klare på at vi må jobbe meir med tilbakemeldingskultur (personalet imellom), vegleiing, refleksjon, trygge kvarandre og auka kunnskap.

Foreldra vil bli meir involvera etter kvart. Vi tenkje foreldremøte på nyåret med dette som tema.

Referent

Heidi Færstaul Haugerud

Styrar